

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til:	Medlemene av utvala
Utval:	Samarbeidsrådet
Dato:	01. juni 2021
Sakshandsamar:	Samarbeidsskretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Etablering av helsefellesskap – oppfølging av «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling»
Saksnummer:	23/21

---

## Bakgrunn for saka:

Prosjektleder for *prosjekt Felles utviklingsplan* har overlevert rapporten «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling» til styringsgruppa for prosjektet.

I styringsgruppemøte 4. mai 2021 konkluderte styringsgruppa med at rapporten gjev retning for samhandling og samarbeid mellom kommunane og sjukehusa i føretaksområdet, og at rapporten bør inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet med å:

1. Etablere helsefellesskap i regionen
2. Utarbeide felles utviklingsplan med strategiar og tiltak knytt til utvalde satsingsområde for samhandlinga

Styringsgruppa gav SSE i oppdrag å utarbeide eit forslag til prosess for gjennomføring av pkt. 1 og eit utfordringsnotat knytt til pkt. 2, i prioritert rekkefølge.

SSE har prioritert oppdraget knytt til pkt. 1, og la på styringsgruppemøte den 12. mai fram eit forslag til prosess for vidare arbeid med å etablere helsefellesskap i føretaksområde. Framlegg til prosess fekk tilslutning i styringsgruppa.

I saka vert samarbeidsutvala bedne om å ta stilling til framlegg til prosess og til mandat for arbeidet med å etablere helsefellesskap i føretaksområdet.

## Vurdering:

Helsefellesskap byggjer på føringar frå [Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023](#), og avtalen som er inngått mellom KS og regjeringa om å etablere helsefellesskap<sup>1</sup>. I helsefellesskapet skal representantar frå sjukehusa, kommunane, fastlegar og brukarar møtast for å planleggje og utvikle tenestene saman.

Avtalen mellom KS og regjeringa gjev føringar for

- kva tenester og pasientgrupper som skal prioriterast i samhandlinga
- kva prinsipp samarbeidet og samhandlinga skal byggje på
- korleis ein bør organisera samhandlingsstrukturen og samarbeidet, tilpassa lokale behov

---

<sup>1</sup> [Avtale mellom regjeringa og KS om innføring av helsefellesskap for å skape en mer sammenhengende helse- og omsorgstjeneste](#)

Etableringa av helsefellesskap skal leggje til grunn eksisterande samhandlingsstrukturar og avtalar, og utvikle desse vidare.

I føretaksområdet til Helse Bergen er samhandlingsstrukturen og samarbeidsformene regulert gjennom «overordna samarbeidsavtale». Etablering av helsefellesskap i føretaksområdet handlar difor om å vidareutvikle «overordna samarbeidsavtale» i tråd med nasjonale føringar, tilpassa lokale vurderingar og behov.

Ny «overordna samarbeidsavtale» bør omtale:

- etablering av helsefellesskap med ny struktur og nye samarbeidsorgan, inkl.
  - ansvar -og oppgåveportefølje
  - samansetjing/representasjon
  - arbeidsform
- sekretariatsfunksjon / felles kommunal sekretariatsfunksjon
- brukarmedverknad
- fastlegerepresentasjon/ representasjon av fastlegekompetanse
- andre samarbeidsformer
- m.m.

#### **Vidare prosess:**

SSe si tilråding er at:

Styringsgruppa for «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling» vert utpeika som arbeidsgruppe for etablering av helsefellesskap i regionen og utarbeiding av ny «overordna samarbeidsavtale». SSe tilrår at arbeidsgruppa vert utvida med ein brukarrepresentant til.

Arbeidsgruppa er samansett av følgjande personar:

- Randi-Luise Møgster (viseadm.dir), Helse Bergen
- Kjerstin Fyllingen (adm.dir Haraldsplass), Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Trond Egil Hansen, leiar SU Bergen, Bergen kommune
- Monica Totland Melvold, leiar SU Bergensregionen, Bergensregionen
- Tord Moltumyr, leiar SU Nordhordland, Norhordland
- Åslaug Bøhn Botnen, leiar SR Voss, Voss lokalsjukehusområde
- Ida Carlsen Eide, brukarrepresentant
- XX, brukarrepresentant

SSe deltek som sekretariat for arbeidsgruppa, med følgjande oppgåver:

- vurdere eksisterande dokumenter, avtalar og strukturar, og utvikle forslag til endringar
- leggje opp til ein open, inkluderande og involverande prosess for aktørane i helsefellesskapet
- innhente erfaringar frå andre helsefellesskap

#### **Mandat:**

Arbeidsgruppa skal leggje fram forslag til ny «overordna samarbeidsavtale» slik det er skissert i saka.

Arbeidsgruppa er ansvarleg for framdrift og utarbeiding av avtaleutkastet. Arbeidsgruppa vert leia av Randi-Luise Møgster (viseadm.dir), Helse Bergen.

Ny overordna samarbeidsavtale skal vere klar for handsaming i samarbeidsutvala- /rådet i september 2021, med plan om endeleg handsaming i kommunane og i spesialisthelsetenesta i oktober/november 2021. Formell etablering av helsefellesskapet skal skje på Toppleiarmøte 2022.

Den einskilde representant i arbeidsgruppa har ansvar for å forankre oppgåve, arbeidsprosess og løysing hos dei han/ho representerer.

Ved behov, kan gruppa knytte til seg anna kompetanse som rådgjevar for gruppa sitt arbeid.

**Forslag til vedtak:**

Samarbeidsrådet støttar forslag til prosess og mandat for arbeidet med å etablere helsefellesskap i regionen.